

Protokoll frå styremøte Suldal IL



Møtenummer: 01/2020

Dato: 13.01.2020

Tidspunkt: 20.00

Stad: Vinjar skule

Til stades: Jon Bråtveit, Aslak Moe, Per Even Tjøstheim, Silje Færøy, Kari Havrevoll, Vidar Jørgensen Nærheim og Hege Hiim Steine.

Forfall: Alf Aadnøy, Øyvind Gjuvsland, Kristine Bøe Berge

Andre til stades: Ingen

Sak 01/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

- Innkalling godkjent utan merknadar.
- Sakliste godkjent utan merknadar – ei sak lagt til under ymse (foajé)

Sak 02/20 Godkjenning av protokoll frå sist styremøte

- Protokoll godkjent utan merknadar. Protokoll må leggest ut på heimeside.

Sak 03/20 Orientering frå leiar v/Aslak Moe

- Suldal IL har inngått ny samarbeidsavtale med Statkraft for åra 2020-2022, med opsjon på 1+1 års forlenging. Jon legg ut sak på heimesida.
- Større dugnadsprosjekt – Leiar melder inn til Suldal kommune at Suldal IL kan ta på seg oppdrag med maling av gymsal/foajé. Suldal kommune stiller med utstyr, maling og stilas og jobben er forventa utført våren 2020.
- Flagheising 2020 – liste over ansvarlege sendt ut.
- Avklaring av eigarforhold/ansvar:
 - o Ballbinge Vinjar skule – Eksisterande avtale seier at Suldal IL er ansvarleg for all oppgradering og vedlikehald. Vinjar skule disponerer ballbingen fritt i skuletida. Avtalen går ut i 2023 og det bør vurderast ei anna fordeling av kostnadar ved ei forlenging då slitasje i stor grad ikkje er ein følgje av Suldal IL sin organiserte bruk.
 - o Gullinghuset – Suldal IL skal ha rettigheter i Gullinghuset som eit resultat av at ein gjekk inn med forsikringsoppgjær for gammal skihytte som brann ned. Dokumentasjon på dette har så langt ikkje latt seg oppdrive – leiar undersøker vidare.
- Avtale om tilsyn av Gullinghuset
 - o Bør gå gjennom rutinar for tilsyn for å sikre at ein alltid har vaskefiller og utstyr på plass til utvask etter arrangement.



Sak 04/20 Orientering frå kasserar v/Silje Færøy

- Sparebanken Vest er tatt i bruk som ny leverandør av banktenester, men SR-bank avtalen er ikkje avslutta enda.
- Årsoppgjer/årsmøte:
 - o Gruppeleiarar må sikre at alle kostnader som høyrer til 2019 kjem inn – eventuelt gjere avsetningar dersom ein veit om betydelege kostnader som gjeld 2019 der ein ikkje har fått faktura.
 - o Gruppeleiarar må starte med budsjett slik at dette er klart til årsmøte.

Sak 05/20 Orientering frå fotballgruppa v/Jon Bråtveit

- Sjå eige vedlegg med bakgrunnsinformasjon til styremøte

Sak 06/20 Orientering frå skigruppa v/Per Even Tjøstheim

- Sjå eige vedlegg med bakgrunnsinformasjon til styremøte

Sak 07/19 Orientering frå økonomigruppa v/Kari Havrevoll

- 2019- kiosk har gått fint. På Suldalscupen vart det gjort ein kjempe innsats av Else Kristin H. Krogh i lag med dugnadsgjengen. Erfaringar er notert ned til neste større arrangement.
- Kristine Helgeland har sagt frå seg verv. Styret/valnemnd har fått beskjed at det må inn 3 nye.
- Else Kristin og eg organiserer kiosk som skal vera på dei 4 skirenna i vinter
- Pantebu på Mosvatnet
 - o Økonomigruppa utarbeider søknad som leiar sender til kommunen. Kommunen er i utgangspunktet positive.

Sak 08/20 Orientering frå trimgruppa (Alf Aadnøy ikkje til stades)

- Sjå eige vedlegg med bakgrunnsinformasjon til styremøte

Sak 09/20 Allidretts-SFO v/Aslak Moe

- Sjå eige vedlegg med bakgrunnsinformasjon til styremøte
- Vedtak: Styret går inn for at allidretts-SFO vert innført i ein testperiode vinteren 2020. Ansvarleg for aktiviteten utarbeider ein rapport i etterkant som vert nytta i vidare arbeid med å sikre finansiering for opplegget frå kommunen dersom ein har gode erfaringar/tilbakemeldingar.

Sak 10/19 Nytt reiseregulativ v/Aslak Moe

- Sjå eige vedlegg med bakgrunnsinformasjon til styremøte (oppdatert med endringar frå styremøte).
- Vedtak: Forslag til nytt reiseregulativ vert godkjent av styret med dei endringar/tillegg som vart diskutert i styremøte. Reiseregulativet vert lagt fram for endeleg vedtak på årsmøte.



Sak 11/19 Ny lovnorm v/Aslak Moe

- Utkast til ny lovnorm frå NIF vedlagt. Alle idrettslag i NIF er forplikta til å vedta ny lovnorm.
- Vedtak: Ny lovnorm vert godkjent av styret. Lovnorma vert lagt fram for endeleg vedtak på årsmøte.

Sak 12/19 Ymse

- Dato for årsmøte 2020: Torsdag 26 mars klokka 19.00 – Personalrom Vinjar skule.
- Endringar i styre/utval
 - o Aslak sender ut oversikt over kven som er på val til styret/gruppeleiarar, som spelar inn kandidatar til valnemnda v/Leif Bakka
- Foajé
 - o Leiar utarbeidar eit brev til Vinjar skule/Suldal kommune der ein bed om at ein byggeigar ser på mulighet for ei opprusting av foajé. Ein kunne då ha nytta dette lokalet som samlingsstad før/etter kamp og trening, møtelokale etc.